

# **Rumenske og norske studentars bruk av bibliotek og ressursar.**

*Av Ane Landøy og Angela Repanovici*

Hausten 2007 gjorde Universitetsbiblioteket i Bergen og the Central Library of Transylvania University, Brasov, Romania ei undersøking saman. Undersøkinga vart delt ut til 93 studentar i Bergen og 100 i Brasov, ved at likelydande spørjeskjema vart send ut til studentar i begge bibliotek. Spørjeskjema var utvikla på rumensk, omsett til engelsk og deretter til norsk. Til saman var det 40 spørsmål, og vi skal sjå på svara til nokre av dei her.

Vi ville særleg undersøkje studentar sine haldningar og handlingar i høve til bruk av bibliotek, særleg universitetsbiblioteket, og dei elektroniske ressursane som vert tilbode. Det vil vi få ein indikasjon på, ved å analysere resultatata av desse to samsvarande undersøkingane. Resultata vil kunne verte samanlikna med andre funn frå andre undersøkingar der det høver.

Spørjeskjema vart delte ut til studentar som allereie var i biblioteket, i begge undersøkingane. I Bergen fekk dei ein gratis kopp kaffi som "lønn" for å delta, og alle, både i Brasov og Bergen, fekk høve til å delta i utlodding av e bokgåve etter at undersøkinga var avslutta. Dette gjer utvalet noko skeivt i høve til andre undersøkingar der utvalet til dømes er teke frå alle studentar ved eit universitet; også dei som ikkje nyttar biblioteket. I høve til debatten om "betaling" for å delta i forskning, vurderer vi det slik at tilbodet om ein kopp kaffi ved innlevert skjema aukar svarprosenten, men ikkje på ein systematisk måte i høve til svarinnhaldet, medan tilbodet om å få vere med i loddtrekking er for svakt til å påverke, og fungerer som eit symbolsk takk for hjelpa frå biblioteket si side.

I utvalet frå Bergen er det 28 menn og 60 kvinner (5 har ikkje svart). Meir enn helvta er mellom 20 og 25 år, og 20 % mellom 25 og 30. 20 studerer ved Humanistisk fakultet, 16 ved medisin, 15 kvar frå Jus og psykologi og 13 frå MatNat. Brasov har 68 menn og 32 kvinner, 70 % mellom 21 og 30 år, med 48 studentar som er i sitt første år. 60 er frå the Faculty of engineering, 16 studerer økonomi, 6 jus, 3 sport og 14 "andre område".

I begge byar er det eit svært godt offentleg bibliotek med store samlingar, som også inneheld tidsskrift og faglitteratur. Hovudbiblioteka har lesesalar for elevar og studentar og er sentralt plassert nært universitetet. Begge dei offentlege biblioteka melder at dei har studentar mellom lånarane og brukarane sine. Har dette noko innverknad på bruken av universitetsbiblioteket?

Vi spurde deltakarane i undersøkinga kva bibliotek dei oftast brukte:

***Kva bibliotek brukar du oftast?***

	<b>BERGEN</b>		<b>BRASOV</b>
	<b>Alle brukt</b>	<b>Oftast brukt</b>	
<b>Universitet</b>	<b>109</b>	<b>90</b>	<b>65</b>
<b>Offentleg</b>	<b>47</b>	<b>3</b>	<b>6</b>
<b>Begge</b>			<b>25</b>

Bergens-studentane brukar ei av avdelingane til universitetsbiblioteket oftast (95 %), men når dei får høve til å fortelje om alle biblioteka dei brukar er det 30 % som også brukar det offentlege biblioteket.

65 % av Brasovstudentane svara at dei nyttar universitetsbiblioteket oftast. 6 % nyttar helst det offentlege biblioteket, mot 3 % av Bergensstudentane. 25 % av studentane frå Brasov brukar begge biblioteka like mykje.

Vi burde ikkje verte overraska over at studentane seier dei nyttar universitetsbiblioteket oftast, særleg ikkje når vi tenkjer på at utvalet vårt består av studentar som er i biblioteket når dei vert bedne om å delta i undersøkinga. Det som er meir interessant er det store talet studentar som seier at dei brukar både det offentlege biblioteket og universitetsbiblioteket.

OCLC-rapporten "Perceptions of Libraries and Information Resources" frå 2005 viser at 48 % av studentar verda over nyttar universitetsbiblioteket minst ein gong i veka, og 19 % nyttar det offentlege biblioteket tilsvarande ofte. 34 % melder at dei nyttar det offentlege biblioteket ein gong om året eller aldri. Dette gjev oss ein indikasjon på at offentlege bibliotek vert sett på tilleggsbibliotek for studentar når det gjeld studiemateriell, men at dei kan vere hovudkjelde for musikk, skjønnlitteratur og "underhaldningslesnad". Ein måte å utforske dette vidare kan vere å gjere intervju med studentar for å finne ut kva materiale dei lånar frå det offentlege biblioteket. (OCLC 2005, s. 1-4)

Sjølv om studentar frå Bergen og Brasov har nokså tilsvarande haldningar til bruken av det offentlege biblioteket er måten dei finn informasjon om universitetsbiblioteket på heilt ulik.

***Korleis har du gjort deg kjend med kva tenester Universitetsbiblioteket har å tilby? (Fleire kryss moglege)***

	<b>BERGEN</b>		<b>BRASOV</b>		
Kurs gitt av biblioteket		<b>20,3 %</b>	<b>3</b>	<b>7,8 %</b>	<b>6</b>
Nettsider		<b>21,9 %</b>	<b>2</b>	<b>9,1 %</b>	<b>5</b>
Tilråding frå læraren		<b>8,1 %</b>	<b>5</b>	<b>5,4 %</b>	<b>7</b>
Mi side i Studentportalen		<b>13,0 %</b>	<b>4</b>	<b>20,7 %</b>	<b>2</b>
Skriftleg informasjon frå univ		<b>6,9 %</b>	<b>6</b>	<b>17,0 %</b>	<b>3</b>
Skriftleg informasjon frå bibl		<b>4 %</b>	<b>7</b>	<b>26,6 %</b>	<b>1</b>
Medstudentar		<b>22,7 %</b>	<b>1</b>	<b>12,3 %</b>	<b>4</b>
Andre - bibliotekpersonalet		<b>2,8 %</b>	<b>8</b>		

Bergensstudentane spør oftast andre studentar (22,7 %) for å gjere seg kjende med tenestene til biblioteket, medan medstudentar står for berre 12 % i Brasov. I Brasov er

biblioteket si heimeside informasjonskjelde for 9,1 % av studentane, samanlikna med 21,9 % i Bergen. Bibliotekkurs informerer 20,3 % i Bergen og 7,8 % i Brasov. Plakatar eller brosjyrer frå biblioteket er kjelde for berre 4 % av bergensstudentane, men er den hyppigaste kjelda i Brasov med 26,6 %. "Mi side" på studentwebben er kjelde for 20,7 av studentane i Brasov, og 13 % i Bergen, og universitetskatalogen har 7 % i Bergen og 17 % i Brasov. Tilrådingar frå lærarane tel for 5,4 % av studentane i Brasov, 8 % i Bergen.

Ein tendens ser ut til å vere at det skriftlege materialet er viktigare enn materialet på nettet i Brasov i høve til i Bergen. Dette reflekterer også kvar fokuset til dei to ulike universiteta og biblioteka ligg, i høve til kva kanal som vert brukt for å spreie informasjon. Ved Universitetet i Bergen, og dermed også ved Universitetsbiblioteket, er det inter- og intranettet, "mi side" og studentane sin e-post som er dei vedtekne informasjonskanalane.

Vi tok til med å spørje studentar som er i universitetsbiblioteket medan dei deltek i undersøkinga om bruken deira av universitetsbiblioteket i høve til det offentlege biblioteket, og vi har også funne ut korleis dei gjer seg kjend med tenestene universitetsbiblioteket har å tilby. Når det gjeld "kvifor" bruke biblioteket, er det to spørsmål på skjemaet som særleg dekkjer årsakene til at studentar nyttar biblioteket:

***Er, etter di meining, bruk av biblioteket naudsynt for å oppnå vidare kunnskap?***

	<b>BERGEN</b>		<b>BRASOV</b>	
<b>Ja</b>	<b>77</b>	<b>82 %</b>	<b>90</b>	<b>92,8%</b>
<b>Nei</b>	<b>14</b>	<b>15 %</b>	<b>7</b>	<b>7%</b>
<b>Blank</b>	<b>2</b>	<b>2 %</b>	<b>3</b>	<b>3%</b>

***Kva ser du som føremonene ved å bruke Universitetsbiblioteket: (Fleire kryss moglege)***

	<b>BERGEN</b>		<b>BRASOV</b>	
Oppnå meir kunnskap	<b>79</b>	<b>34 %</b>	<b>38</b>	<b>16,6%</b>
Hjelp til å løyse oppgåver	<b>45</b>	<b>19 %</b>	<b>56</b>	<b>23,6 %</b>
Hjelp frå bibliotektenestene/bibliotekarane	<b>40</b>	<b>17 %</b>	<b>67</b>	<b>28,5 %</b>
Studere i gode omgjevnadar	<b>67</b>	<b>29 %</b>	<b>72</b>	<b>31,3 %</b>

92,8 % av studentane frå Brasov og 82 % av studentane frå Bergen meiner at bruk av biblioteket er naudsynt for å oppnå vidare kunnskap, med høvesvis 7 % og 15 % som er usamde.

Det å tilbringe studietida i gode omgjevnadar er sett som ei av føremonene med å bruke biblioteket for om lag 1/3 av studentane, både i Brasov og Bergen. Begge stader har nyopna og nyombygde bibliotek, som har fått fleire arbeidsplassar med og utan pc rundt omkring i biblioteket. I begge byar er biblioteka innbydande og luftige.

Det å oppnå ny kunnskap er hovudmotivasjonen for studentane i Bergen (34 %), og den minst aktuelle føremonen for studentane frå Brasov. Interessant nok vert hjelp frå bibliotekarane/bibliotektenestene sett som føremun for berre 19 % av bergensstudentane, men for 28,5 % av studentane frå Brasov. Hjelp til å løyse oppgåver er det likeeins berre 19 % av studentane i Bergen som ser som føremon, men 23,6 % av studentane frå Brasov.

La oss sjå litt nærare på spørsmålet om dokument i universitetsbiblioteket

***I kor høg grad dekkjer samlingane ved UB det du treng for studiet ditt?***

	<b>BERGEN</b>		<b>BRASOV</b>	
<b>Svært høg</b>		<b>47 %</b>		<b>16 %</b>
<b>Nokså bra</b>		<b>50 %</b>		<b>37 %</b>
<b>Liten</b>		<b>0</b>		<b>39 %</b>
<b>Blank</b>		<b>2 %</b>		<b>8,0%</b>

***Ville du føretrekke å bruke elektronisk eller trykt materiale, eller begge?***

	<b>BERGEN</b>	<b>BRASOV</b>
<b>Trykt</b>	<b>23%</b>	<b>25%</b>
<b>Elektronisk</b>	<b>7%</b>	<b>18%</b>
<b>Begge</b>	<b>67%</b>	<b>56%</b>
<b>Blank</b>	<b>1%</b>	<b>1%</b>

97 % av studentane frå Bergen er samde i at dokumenta i universitetsbiblioteket stettar trongen dei har innan studia på ein svært god (47 %) eller nokså bra (50 %) måte. I Brasov er det samla talet 53 %, medan nesten 40 % melder at studiebehova vert møtt i liten grad.

I Bergen vil 67 % heller studere både elektroniske og trykte dokument. 23 % vil helst ha trykte dokument, og 7 % føretrekker berre elektroniske dokument. I Brasov vil 56 % helst studere både elektroniske og trykte dokument, 25 % vil helst ha trykte dokument, og 18 % føretrekker berre elektroniske dokument.

***La oss seie at du har eit emne for ei oppgåve. For å kunne løyse oppgåva, kvar startar du med å finne informasjon?***

	<b>BERGEN</b>	<b>BRASOV</b>
<b>Bibliotekatalog</b>	<b>22 %</b>	<b>37%</b>
<b>Bibliotekdatabaser</b>	<b>16 %</b>	<b>20%</b>
<b>Internett</b>	<b>52 %</b>	<b>43%</b>
<b>Anna</b>	<b>6 %</b>	
<b>Blank</b>	<b>2 %</b>	

Når studentane vert spurde om kvar dei går for å finne informasjon for å løyse problem vedrørande ei oppgåve eller eit prosjekt svarar 52 % av studentane frå Bergen at dei vil gå til internett, medan 22 % svarar at dei går til bibliotekatalogen og 16 % til biblioteket sine databasar.

Frå Brasov er svaret frå 43 % av studentane at dei vil gå til internett, medan 37 % går til bibliotekskatalogen og 16 % til biblioteket sine databasar.

I OCLC-undersøkinga frå 2005 som vi har sitert tidlegare svarar 89 % av alle universitetsstudentar frå heile verda at dei vil gå til ein søkemotor på internet for å starte eit informasjonssøk. (OCLC 2005, s. 1-17) Tala er nok ikkje direkte samanliknbare sidan vi har spurt etter informasjonssøk for eit prosjekt eller ei oppgåve, og ikkje informasjonssøk generelt.

Vi ser at omlag halvta av studentane våre ikkje brukar internett/søkemotorar som sitt første informasjonspunkt når dei løyser faglege oppgåver. I tråd med dette ser vi at studentar både i Bergen og Brasov er nokså optimistiske på den trykte boka sine vegner, så vel som det tradisjonelle biblioteket og bibliotekarane. Når dei vert bedne om meininga si og graden av semje med ulike utsegner for framtidige scenarier, er dei i stor grad usamde med dei som spår at bøker, bibliotek eller bibliotekarar vil forsvinne:

	BERGEN			BRASOV		
	<i>I framtida vil den trykte boka forsvinne, for vi vil berre bruke elektroniske dokument</i>	<i>Det tradisjonelle biblioteket vil forsvinne, og vi vil få pc-stasjonar med tilgang til internett og det digitale bibliotek</i>	<i>Bibliotekarane si rolle vil bli som web-designarar og informasjonssorganisasjonar på internett</i>	<i>I framtida vil den trykte boka forsvinne, for vi vil berre bruke elektroniske dokument</i>	<i>Det tradisjonelle biblioteket vil forsvinne, og vi vil få pc-stasjonar med tilgang til internett og det digitale bibliotek</i>	<i>Bibliotekarane si rolle vil bli som web-designarar og informasjonssorganisasjonar på internett</i>
<i>Heilt samd</i>	2,1 %	2,1 %	2,1 %	6,4 %	8,2 %	3,4 %
5	1,0 %	7,5 %	3,2 %	12,8 %	7,5 %	4,5 %
4	12,9 %	9,6 %	8,6 %	4,1 %	5,2 %	7,7 %
3	20,4 %	18,2 %	25,8 %	5,4 %	10,3 %	14,6 %
2	26,8 %	30,1 %	22,5 %	41,5 %	37,7 %	35,3 %
<i>Heilt usamd</i>	33,4 %	26,8 %	30,1 %	29,8 %	31,1 %	34,5 %
<i>Blank</i>	1 %	5,3 %	7,5 %			
<i>N=</i>	93	93	93	100	100	100

Utsegn a) I framtida vil den trykte boka forsvinne, for vi vil berre bruke elektroniske dokument: 71 % frå Brasov er usamde, and 60 % Bergen, men 19 % og 3 % er samde.

Utsegn b) Det tradisjonelle biblioteket vil forsvinne, og vi vil få pc-stasjonar med tilgang til internett og det digitale bibliotek. 69 % frå Brasov og 57 % frå Bergen er usamde. 16 % frå Brasov og 9 % frå Bergen er samde.

Utsegn c) Bibliotekarane si rolle vil bli som web-designarar og informasjonsorganisorar på internett: 69,8 % og 52 % er usamde og 8 % og 5 % er samde.

Dersom vi ser på målestokken vi nyttar, ser vi at „heilt samd” er 6, og heilt usamd er 1. Svara frå Brasov-studentane er konsentrerte på 6+5 og 2+1, med få som nyttar 4+3, medan svara frå Bergen i mykje høgare grad er på 4 og 3. Dette kan vere ein indikator på at studentane frå Brasov ser dette meir som ein ”anten-eller”-situasjon, medan studentane i Bergen venar at framtida vil innehalde ”både-og”.

Dersom vi trekker trådane tilbake til spørsmålet om studentane føretrekker elektroniske eller trykte dokument ser vi eit interessant aspekt i det at 67 % av studentane i Bergen føretrekker både elektroniske og trykte dokument, og berre 7 % vil ha berre elektroniske dokument, medan 56 % av Brasov-studentane vil ha begge deler, og heile 18 % vil ha kun elektroniske dokument.

Etter vår vurdering peiker dette i same retning: At svara her er farga av at studentane i Bergen i større grad enn i Brasov allereide har god tilgang til eit stort utval av elektroniske dokument, og at dei dermed ser at det er naudsynt å bruke begge deler for å finne informasjon, medan studentane i Brasov, som har færre elektroniske ressursar svarar meir ut frå kva dei trur framtida vil bringe.

Vidare forskning på dette feltet må også ta omsyn til at den delen av studentane som har svart i Bergen og Brasov har ulik fagleg bakgrunn, med mange ingeniørstudentar i Brasov.

Den endelege testen på om studentane meiner at biblioteket er relevant for studia deira ligg i eksamenssituasjonen. Vi spurde dei i kor høg grad dei meiner at eksamensresultatet vart påverka av bibliotekbruk.

***I kor stor grad meiner du at bruk av biblioteket påverkar eksamensresultatet?***

	<b><i>BERGEN</i></b>	<b><i>BRASOV</i></b>
<b><i>Svært høg</i></b>	<b><i>21,5 %</i></b>	<b><i>12,5%</i></b>
<b><i>Høg</i></b>	<b><i>36,5 %</i></b>	<b><i>32,3%</i></b>
<b><i>Middels</i></b>	<b><i>33,3 %</i></b>	<b><i>36,5%</i></b>
<b><i>Liten</i></b>	<b><i>7,5 %</i></b>	<b><i>18,7%</i></b>
<b><i>Blank</i></b>	<b><i>1 %</i></b>	
<b><i>N=</i></b>	<b><i>93</i></b>	<b><i>100</i></b>

Studentane i Bergen er samde med utsegna om at eksamensresultatet vert påverka av bruk av biblioteket; 57 % svarar at dei meiner påverknaden er svært høg (21,5 %) eller høg (36,5 %), og berre 7,5 % vurderer påverknaden til å vere liten. For studentane frå Brasov er det mindre tiltru til biblioteket – 12,5 % meiner veldig høg, 32,3 høg, medan 18,7 % meiner påverknaden er liten. For begge biblioteka er det over 1/3 som meiner påverknaden er ”middels”, dvs korkje høg eller liten.

**Referanse:**

**OCLC (2005) "Perceptions of Libraries and Information Resources".**

**<http://www.oclc.org/reports/2005perceptions.htm>**